# Årsmelding

- melding om lokallagsverksemda

Kinn lokallag

2021

| |
|---|
| 1.1 **Årsmøtet 2021 Stad: Quality Hotel Florø, kl 1700 - 2000** |

## 1.2 Medlemsstatistikk

| Tal medlemmer | Pr. 31.12.2021 | Endring frå 1.1.2021 |
|---|---|---|
| I lokallaget | 749 | -3 |
| | | |
| Medlemsgruppe, barnehage | 130 | + 2 |
| Medlemsgruppe, grunnskule | 294 | -2 |
| Medlemsgruppe, vidaregåande opplæring | 95 | + 3 |
| Medlemsgruppe, FAS | 14 | |
| Medlemsgruppe, UH | | |
| Av desse leiarmedlemmer | 53 | -4 |
| Av desse medlemmer i private barnehagar/skular | 35 | +9 |
| | | |
| Medlemmer utan medlemsgruppe | 23 | -1 |
| Pensjonistar | 193 | +1 |

**1.3 Tillitsvalde i lokallaget**

**Styret**

| Namn | Verv | Eventuell frigjering betalt av<br>Organisasjonen | Arbeidsgjevar |
|---|---|---|---|
| **Aase Aarseth Ulriksen, gs** | **Lokallagsleiar** | **75%** | |
| **Karoline Refvik, gs** | **Nestleiar** | | |
| **Christer Reksten Solheim, bhg** | **Styremedlem** | | |
| **Hilmar Kråkenes, gs** | **Styremedlem** | | |
| **Vegard Yndestad, gs** | **Styremedlem** | | |
| **Sigrid Hamre, bhg** | **Styremedlem** | | |
| **Inger-Ane N. Svardal, vgo** | **Styremedlem** | | |
| **Jan Solheim, leiarm., gs** | **Styremedlem** | | |
| **Marte Nå Aga Vassbotten, gs** | **Styremedlem** | | |
| | | | |
| | | | |

| **Varamedlemmer:** | | |
|---|---|---|
| **Doris Christensen, fas** | | |
| **Kjersti Midtbø, gs** | | |
| **Trude Lund Holvik, bhg** | | |
| **Hilde- Joveig Ellingsund, vgo** | | |
| | | |
| **Andre tillitsverv:** | | |
| **Aase Aarseth Ulriksen** | **Rekneskapsansvarleg** | |
| **Karoline Refvik** | **Vara HTV** | |
| **Vegard Yndestad** | **Vara HTV** | |
| **Geir Knapstad** | **Pensjonistkontakt** | |

**Hovudtillitsvalde**

| Namn | Verv | Eventuell frigjering betalt av<br>Organisasjonen | Arbeidsgjevar |
|---|---|---|---|
| **1. Christer Reksten Solheim** | | | **50%** |
| **2. Hilmar Kråkenes** | **01.01.21-01.08.21** | | **50%** |
| **Vegard Yndestad** | **01.08.21** | | **50%** |
| **3. Reidar Knapstad** | | | **50%** |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

**Tillitsvalde på arbeidsplassane**

| Namn på arbeidsplass | Namn på tillitsvald |
|---|---|
| **Brandsøy Barnehage** | **Evy Sørsund** |
| **Brandsøy skule** | **Asta Myrvoll/Hanne Brandsøy** |
| **Dalvegen barnehage** | **Randi-Anne Strand** |
| **Eikefjord barnehage** | **Synne Nekkøy/Jan –Roger Randen** |
| **Eikefjord skule** | **Vegard Yndestad** |
| **Flora Vidaregåande skule** | **Inger-Ane N. Svardal** |
| **Florø barneskole** | **Bodil Midtbø/Sonja Olsen** |
| **Flora ungdomsskule** | **Heidi Domben** |
| **Furuhaugane barnehage** | **Heidi Eilertsen/Heidi Borge** |
| **Havrenes barnehage** | **Monica Ryland Førde** |
| **Holvik Barnehage** | **Francesca Maria Goll-Rasmussen** |
| **Kinn Utdannings-og Ressurssenter , Florø** | **Carine Troland** |
| **Kinn Utdannings-og Ressurssenter , Måløy** | **Ingrid Anita Malmin Nordpoll** |
| **Krokane barnehage** | **Hege Ovesen Strømmen** |
| **Krokane skule** | **Bente Ryland Førde** |
| **Måløy vidaregåande skule** | **Amalie Alsaker Hopland/<br>Anne-Linn Almenning og Eli Marie Refvik** |
| **Nepjarhaugen barnehage** | **Liljan Kvalheim** |
| **Nyheimvegen barnehage** | **Nina Marie Faye Matre** |
| **PPT Kinn kommune** | **Doris Christensen** |
| **Raudeberg skule** | **Kari Merete Sæter** |
| **Skaarevik barnehage** | **Beate Lillestøl** |
| **Skavøypoll barnehage** | **Sigrid Hamre** |
| **Skavøypoll skule** | **Fride Oksholen/Hege Cecilie Vengen** |
| **Skram skule** | **Dagmar Beate Vikebakk/<br>Inga Kristin Holvik Andal** |
| **Stavang barnehage** | **Jens Kleiven** |
| **Stavang skule** | **Jens Kleiven** |
| **Steinhovden skule** | **Magnhild Solibakk Hatleseth** |
| **Storevatn barnehage** | **Benjamin Eggen** |
| **Sørstrand maritime FUS barnehage as** | **Leni Anita Notø** |
| **Torvmyrane brnehage** | **Bjørg Haugen** |
| **Torvmyrane skule** | **Inger Myrvang/Pål Henning Myren** |
| **Trollskogen barnehage SA** | **Marita Rutledal/<br>Ingrid Johanne Brekke-Berg** |
| **Vågsøy ungdomsskule** | **Adrian Hoff** |
| **Kinn Kommune Sentraladministrasjon Florø** | **Runa Hatlenes Nybakk (kontaktperson)** |

**2. Arbeidet i styret**

| | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| A | Tal styremøte siste året: | | | | 10 | | | | | | | |
| B | Tal utvida styremøte siste året: | | | | 2 | | | | | | | |
| C | Laget har utval/råd/forum for desse medlemsgruppene: | | | | | | | | | | | |
| | Barnehage | | Grunnskule | | Vidaregåande | | FAS | | UH | | Leiarar | |
| D | Utvala sin møteaktivitet, tal møte: | | | | | | | | | | | |
| | Barnehage | | Grunnskule | | Vidaregåande | | FAS | | UH | | Leiarar | |
| E | Andre type råd og utval i lokallagsstyret | | | | | | | | | | | |
| F | Vurdering av arbeidet i utvala/råda/fora: | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |

**3. Melding frå hovudtillitsvalde**

**3.1 Medråderett**

| | | |
|---|---|---|
| A | Tal møte mellom HTV og arbeidsgjevar | 90 |
| B | Tal møte i administrasjonsutval eller andre nemnder som avgjer personalspørsmål og tilsetjingar | 23 |

Saker som har vore drøfta med arbeidsgjevar:
Lokale forhandlingar, tilsetjingar, overtaligheit, corona, lønnspolitisk plan, arbeidsforhold, samanslåing, økonomi, personalsaker.

**3.2. Representasjon**

| Lokallaget/HTV har vore representert i følgjande utval/komitear | Namn på representant |
|---|---|
| **Kinn kommune**<br>**Nettverk for leiarar i skule og barnehage** | **HTV: Christer Reksten Solheim, Reidar Knapstad, Hilmar Kråkenes (-01.08.21) og Vegard Mathisen-Yndestad (Frå 01.08.21)** |
| **ATO (Arbeidstakarorganisasjonane) Kinn** | **HTV: Christer Reksten Solheim, Reidar Knapstad, Hilmar Kråkenes (-01.08.21) og Vegard Mathisen-Yndestad (Frå 01.08.21)** |
| **Dialogmøter med kommunalsjef** | **HTV: Christer Reksten Solheim, Reidar Knapstad, Hilmar Kråkenes (-01.08.21) og Vegard Mathisen-Yndestad (Frå 01.08.21)** |
| **ADMU (Administrasjonsutvalet) Kinn** | **HTV: Christer Reksten Solheim**<br>**Vara: Reidar Knapstad** |
| **AMU (Arbeidsmiljøutvalet)** | **HTV Hilmar Kråkenes (01.01.21-01.08.21)**<br>**Vara: Reidar Knapstad (medlem frå 01.08.21)** |
| **Agenda Kaupang** | **HTV Christer Reksten Solheim** |
| **Beredskapsleiinga** | **HTV Christer Reksten Solheim** |
| **Utval for organisasjonsutvikling** | **HTV Christer Reksten Solheim** |
| **Medlemsråd barnehage UDF Vestland** | **HTV Christer Reksten Solheim og Marion Svarstad** |

| | |
|---|---|
| **Medlemsråd grunnskule UDF Vestland** | **Kjersti Midtbø** |
| **Medlemsråd vidaregåande opplæring/fagskule UDF Vestland** | **Knut Christian Clausen** |
| **Leiarråd UDF Vestland** | **Håvard Fagerli** |
| **Medlemsråd FAS UDF Vestland** | **Doris Christensen** |
| **Pensjonistråd** | **Ingunn Kjersti Frøyen** |
| | |

4. Arbeid etter handlingsplanen/retningslinjene

4.1 Evaluering av arbeidet

| Lokallaget har hatt følgjande satsingsområde og tiltak | Evaluering av arbeidet med satsingsområda |
|---|---|
| **Satsingsområde 1:**<br><br>**Organisasjonen i utvikling**<br><br>Tiltak:<br>- Følgje opp og vere til stades for medlemmar i heile kommunen. Etablere møteplassar for våre medlemmer gjennom pedagogisk kafé og medlemsmøte for alle medlemsgruppene.<br><br>- Vi skal besøke flest mogleg av klubbane i kommunen.<br><br>- Alle arbeidsplassar skal ha ATV-ar som er skulerte og samarbeider godt internt. | Pandemien hindra oss i å besøke alle klubbane.<br><br>Gode Digitale møter på Teams med alle arbeidsplasstillitsvalde.<br><br>Medlemsmøte i Måløy og Florø om pensjon.<br>Kurs for alle ATV-ar i skule og barnehage i Kinn på Victoria Hotel i Florø med middag.<br>Juleavslutning på Havfruen i Måløy for alle ATV-ane og styremedlemmar i nord.<br>Lokallagsleiar har arrangert TV1 kurs for nye arbeidsplasstillitsvalde.<br>TV2, TV3 og TV4- kurs har fylkeslaget arrangert. |
| **Satsingsområde 2:**<br>**Styring leiing og partsamarbeid**<br><br>**Tiltak:**<br><br>- **Styrke profesjons- og fagforeiningsmedvit.**<br><br>Utdanningsforbundet skal vere det sjølvsagte fagforeiningsvalet for lærarar og leiarar i heile utdanningsløpet.<br><br>- Arbeide for god pedagogisk kvalitet i skule og barnehage gjennom gode og føreseielege rammevilkår.<br><br>- Oppretthalde eit godt samarbeid mellom tillitsvalde og leiarar på alle nivå i Kinn. | ATV arrangerer klubbmøter. Klubbane fekk i år 100 kr pr. medlem til mat på klubbmøta i året. Lokallaget kjøper inn litt julekos til klubbane.<br><br>Lokallagsstyret har arrangert digitale møter med ATV i skule og barnehage etter pandemien satt ein stoppar for fysiske møter.<br><br>Dei tre HTV-ane møter i mange ulike forum på kommunenivå.<br><br>HTV møter i leiarnettverk for skule og barnehage. |

| | |
|---|---|
| - Innarbeide gode informasjonsutvekslingar.<br><br>- Synleggjere profesjonen vår i lokalsamfunnet og ved å samarbeide med andre organisasjonar.<br><br>- Sikre skule og barnehagefagleg kompetanse på skulenivå.<br><br>- Arbeide for å få felles skulering for leiarar og tillitsvalde i kommunen. | Lokallagsleiar deltok med digital appell og lokallaget stilte med parolar til 1. mai arrangement.<br><br>HTV har møter med dei andre arbeidstakarorganisasjonane.<br><br>HTV er med i tilsetjing. |
| **Satsingsområde 3:**<br><br>**Løn, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø**<br><br><br>Tiltak:<br>- Ivareta medlemmane sine interesser i lokale forhandlingar.<br>- Delta i prosessen og arbeide for ein god lønnspolitisk plan for kommunen.<br>- Arbeide for og vidareutvikle eit godt lokalt kompetanselønnssystem.<br>- Ha eit auka fokus på arbeidsmiljø og sikre at tillitsvalde blir tatt med i prosessar rundt dette.<br>- Følge opp lønnspolitisk offensiv lokalt.<br>- Delta i budsjettprosessar, på alle nivå. | Vi har gjennomført lokale forhandlingar i kap. 4 og kap. 3 og 5. Det vart også gjennomført særskilde forhandlingar etter HTA.<br><br>Lokallagsstyret legg klubbane og medlemmane sine innspel og prioriteringar til grunn i lokale forhandlingar.<br><br>Det lokale kompetanselønssystemet vart harmonisert i juni og er likeverdig i Kinn kommune, HTV var med i utvalet.<br>Vi lyttar til medlemmane og fremmar deira interesser i alle forum der vi representerer Kinn lokallag og har høve til å påverke ein god, rettferdig og føreseieleg lønnspolitikk.<br><br>Vi arrangerte kurs med tema arbeidsmiljø for ATV- skule. |
| **Satsingsområde 4:**<br>**God utdanning og en sterk profesjon**<br><br>Tiltak:<br>- Kartlegge kor mykje av undervisninga i Kinn som blir gjort av ufaglærte.<br>- Belyse kompetansebehov i Kinn kommune og sikre gode ordningar for vidareutdanning for medlemmane.<br>- Stille på kommunedagar og vere med i samfunnsdebatten for å auke pedagogtettleiken i barnehage og skule.<br>- Arbeide for å betre kvaliteten i barnehagar og skular, og sikre eit likeverdig opplæringstilbod i Kinn.<br>- Sette fokus på opplæringstilbodet og manglande rettigheiter for framandspråklege elevar gjennom kartlegging av den aktuelle situasjonen.<br>- Sikre forsvarlege rammer i ein periode med fallande fødselstal i skule og barnehage. | Vi oppmodar alle tillitsvalde og medlemmar om å vere med i samfunnsdebatten for å sikre gode rammevilkår og auke pedagogtettleiken i barnehage og skule.<br><br>På styremøta og utvida styremøte informerer HTV-ane frå gruppene dei deltek i.<br><br>LL informerer og sender ut info frå fylkeslaget og sentralleddet.<br><br>LL og HTV er i dialog med politikarane i saker som vedkjem våre medlemar.<br>HTV deltek på kommunedagar og ATO møter.<br>Arbeider kontinuerleg med ressurstilgangen i barnehage, SFO og skule.<br><br>HTV deltar i mange kommunale utval og brukar medråderetten på kommunenivå. |

| | |
|---|---|
| | |

**4.2 Generell vurdering av arbeidet med handlingsplanen:**

Arbeidet med handlingsplanen har vore godt, men prega av pandemien.
Vi saknar dei fysiske møteplassane.

**4.3 Andre viktige saker lokallaget har arbeidd med**

Frå ned stenging 12.mars 2020 har agendaen på møta i lokallaget vore prega av pandemien. Fokuset har vore på korona og smittevern. Fleire ATV-ar melder at medlemmar er lite motivert til klubbarbeid. Det blir stadig lagt fleire og fleire oppgåver på lærarane. Dårleg reinhald, mangel på vikarar og stor bruk av ufaglærte gjer at det er stor slitasje i skule og barnehage. Lokallaget har meldt sakene vidare til fylkeslaget.

Vidare har vi arbeidd med:

Bygging av Kinn lokallag, Handlingsplan, Informasjonsflyt, Arbeidstid skule og barnehage, Tariff 2021, Lokale forhandlingar kap. 4.,3 og 5, Personalsaker, Pensjon, Skulering av tillitsvalde, Diverse spørsmål i høve lønn- og arbeidsvilkår, Tilsetjingar, Ny barnehage i Florø, Arbeidsmiljø, Bedriftshelseteneste, Lokale avtalar og reglement, Nye avtalar i Kinn kommune, Felles reglement og retningsliner, Kommunen som organisasjon, Økonomi og budsjett, Rekruttering, Vidareutdanning, Etterutdanning, Lønnspolitisk plan, Seniorpolitikk, Oppvekstplan, Skulebruksplan, Arbeidsgivaransvar for tilsette i kommunale barnehagar og skule, Nedbemanning, Skulerute og Planleggingsdagar.

HTV Hilmar Kråkenes slutta som HTV i august og vara Vegard Yndestad tok over vervet.
I desember fekk HTV kontorplass i rådhuset i Måløy. HTV (Reidar, Christer og Vegard) har rydda det gamle kontoret og flytta til rådhuset.

HTV og lokallagsleiar sine frikjøpsdagar er tysdag og torsdag. Vi ser fram til normale tider med kontordagar i Måløy og Florø.
Arbeidet i styret har vore godt, men prega av pandemien.
På grunn av situasjonen med Covid 19 har det vore få fysiske møter i lokallaget.

**5. Deltaking på kurs og møte arrangert av lokallag eller fylkeslag**

| Dato | Kurs / møte | Arrangør | Tal delt |
|---|---|---|---|
| **07.01** | **Digitalt Lokallagsleiar/kasserar** | **Fylkeslag** | **1** |
| **12.01** | **Digitalt ATV –vgo.** | **Fylkeslag** | **1** |
| **21.01** | **Digitalt HTV** | **Fylkeslag** | **2** |
| **16.02** | **Digitalt LL** | **Fylkeslag** | **1** |
| **17.02** | **Digitalt HTV og LL** | **Fylkeslag** | **3** |
| **03.03** | **Digitalt TV3** | **Fylkeslag** | **5** |
| **11.03** | **Digitalt LL** | **Fylkeslag** | **1** |
| **07.04** | **Digitalt Grunnskule ATV** | **Lokallag** | **15** |
| **21.04** | **Digitalt Barnehage ATV** | **Lokallag** | **12** |
| **22.04** | **Digitalt Fylkesstyre og LL** | **Fylkeslag** | **1** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **29.04** | **Digitalt nye HTV** | **Fylkeslag** | **1** |
| **06.05** | **Digitalt Fylkesstyret, HTV og LL** | **Fylkeslag** | **3** |
| **20.05** | **Digitalt Årsmøte Utdanningsforbundet Kinn** | **Lokallag** | **51** |
| **16.06** | **Digitalt nye HTV** | **Fylkeslag** | **1** |
| **17.06** | **Digitalt Fylkesstyre, LL og HTV** | **Fylkeslag** | **3** |
| **19.08** | **Digitalt nye HTV** | **Fylkeslag** | **1** |
| **26.08** | **Digitalt Fylkesstyret, LL og HTV** | **Fylkeslag** | **3** |
| **01.09** | **Digitalt Berekningsmodell** | **Fylkeslag** | **2** |
| **02.09** | **TV4 digitalt** | **Fylkeslag** | **6** |
| **10.09** | **Kurs lokale forhandlingar** | **Fylkeslag** | **2** |
| **14.09** | **ATV-vgo** | **Fylkeslag** | **1** |
| **20.11** | **Medlemsråd grunnskule** | **Fylkeslag** | **1** |
| **23.09** | **Medlemsvekst, LL** | **Fylkeslag** | **1** |
| **04-6.10** | **TV2,Loen** | **Fylkeslag** | **6** |
| **06.10** | **Fylkesstyret, LL og HTV** | **Fylkeslag** | **4** |
| **02.11** | **Pensjonisttreff i Loen** | **Fylkeslag** | **11** |
| **18-20.10** | **TV2 private bhg** | **Fylkeslag** | **2** |
| **20.10** | **Medlemsmøte, pensjon, Måløy** | **Lokallag** | **48** |
| **28.10** | **Medlemsmøte, pensjon, Florø** | **Lokallag** | **105** |
| **10-11.11** | **Fylkesstyret, LL og HTV, Bergen** | **Fylkeslag** | **4** |
| **16.11** | **Kurs ATV barnehage, Florø** | **Lokallag** | **16** |
| **22.11** | **Digitalt Medlemsråd grunnskule** | **Fylkeslag** | **1** |
| **22.11** | **Digitalt Medlemsråd barnehage** | **Fylkeslag** | **2** |
| **22-23.11** | **ATV-vgo** | **Fylkeslag** | **3** |
| **26.011** | **Kurs ATV skule** | **Lokallag** | **12** |
| **30.11** | **Digitalt Medlemsråd FAS** | **Fylkeslag** | **1** |

## 6. Medlemsmøte i lokallag og medlemsgrupper

Digitalt årsmøte 20.mai 2021
Digitale møter for ATV i skule og barnehage.
Medlemsmøte med bevertning, tema pensjon i Måløy og Florø med Sindre Roska.
Kurs i Florø for lokallagsstyret og ATV barnehage med Anita Holm Cirotzki og Solfrid Furre frå fylkesstyret. Middag for deltakarane og overnatting på hotellet for dei som kom frå Måløy.
Kurs i Florø for lokallagsstyret og ATV skule, tema arbeidsmiljø. Frå fylkeslaget møtte Rådgivar Tor Inge Brenne og frå Kinn Kommune Berit Osa. Middag for deltakarane og overnatting på hotellet for dei som kom frå Måløy.

Nestleiar Karoline arrangerte Juleavslutning for ATV i barnehage, skule og styremedlemmar i nord på restaurant Havfruen i Måløy. HTV Vegar møtte i Måløy og hadde med julesnop til alle klubbane.

I år vart det ikkje juleavslutning for ATV-ane i Florø, men alle klubbane fekk julesnop.

ATV i barnehage og skule fekk julegåve /gåvekort på 500 kr. Frå nettbutikken kjøpte vi inn profileringsmateriell og delte ut til styremedlemmar og ATV.

I år hadde vi Julekalender på Facebooksida til lokallaget. Mange medlemmar deltok og vi trekte ein vinnar kvar dag. Premiane var profileringsmateriell med utdanningsforbundet sin logo på.

## 7. Lokale forhandlingar – gjennomføring og vurdering

Kommunalt område:
1 % av potten var sett av til lokale forhandlingar i kap.4. Prioriteringane frå medlemmane var i hovudsak kompetanse, kontaktlærar/pedleiar-funksjonar og flate tillegg. Utvikling av det lokale kompetanselønnsystemet fekk vi ikkje gjennomslag for, då det ikkje vart einigheit mellom organisasjonane om å prioritere dette. Likevel er vi samla sett nøgd med resultatet. Vi fekk ut vår del av potten, men måtte akseptere at ein større del gjekk til harmonisering enn det vi ønska.

Privat område:
**Har vi ikkje forhandla lokalt. Det vert forhandla sentralt.**

## 8. Tiltak som fremjar likestilling

(etter endring i Likestillingslova skal både arbeidsgjevarar og arbeidstakarorganisasjonane gjere greie for tiltak som fremjar likestilling, i eigen organisasjon og i høve til "omverda")

Vi har fokus på likestillingsperspektivet med høve kjønn, etnisitet og funksjonshemming når det gjeld annonserings -og tilsettingsrutinar.
Valnemnda har arbeidd for å få lik kjønnsfordeling i verv.

## 9. Samla vurdering av arbeidet i lokallagsstyret

Arbeidet i styret har i år som i fjor vore prega av pandemien og digital kommunikasjon. Vi planla fysiske styre møter i Måløy og Florø, men måtte dessverre ha dei fleste digitalt.

Dessverre har koronakrisa teke svært mykje av tida vår og andre saker måtte utsettast. På dei digitale møta med ATV i barnehage og skule gjekk mykje av tida til å handtere stadig skiftande reglar og endring av arbeidssituasjonen.

I arbeide med å bygge Kinn lokallag var planen å arrangere møteplassar for alle medlemmane. Vi fekk dessverre ikkje besøke klubbane. Pandemien og smittevernreglane satt ein stoppar for fysiske møter.

Lokallaget arrangerte medlemsmøte om pensjon med Sindre Roska både i Måløy og Florø.
Alle som deltok på møte fekk drikkeflaske med logo.
Vi frå Florø ser fram til ein ny besøksrunde i Måløy.

Lokallaget og fylkeslaget har nytta den digitale plattforma Teams og Zoom til møter og kurs.

## 10. Vedlegg til årsmeldinga

Stad/dato

Leiar

Nestleiar

styremedlemmer